



INNHALD



EIN STERK OG EFFEKTIV OFFENTLEG SEKTOR	4	FORNYINGSSTRATEGIEN TIL REGJERINGA	10	FORNYINGSARBEIDET I PRAKSIS	14
		Offentleg sektor skal gå føre	11	Offentleg sektor skal gå føre	15
		Meir deltaking og medverknad	12	Meir deltaking og medverknad	17
FORNYING AV OFFENTLEG SEKTOR	6	Noreg på nett – Elektroniske tenester for alle	12	Noreg på nett – Elektroniske tenester for alle	19
Ambisjonen vår	7	Enkelt og greitt for innbyggjarane	12	Enkelt og greitt for innbyggjarane	20
Raud-grøn fornying	7	Betre for dei som treng det mest	12	Betre for dei som treng det mest	21
Dei store reformene	8	Leggje til rette for verdiskaping	13	Leggje til rette for verdiskaping	24
Fornyingsarbeidet i kommunane	9	Kvalitet og effektivitet	13	Kvalitet og effektivitet	25



EIN STERK OG EFFEKTIV
OFFENTLEG SEKTOR

av alle tiltaka og heilskapen som saman skaper ein betre offentleg sektor. Det er *breidda* i arbeidet, at det *held fram*, og at der er *vilje* til omstilling og fornying, som er det avgjerande.

Arbeidet med fornying må samordnast og få ei retning. Eg har ansvaret for samordninga, og for å sikre at offentleg sektor driv eit aktivt fornyingsarbeid.

I arbeidet med å utvikle offentleg sektor er det viktig å ta ynskja og behova til folk på alvor.

Sommaren 2006 tok eg initiativ til at folk kunne vere med på fornyingsarbeidet til regjeringa gjennom ein dugnad. Eg bad om innspel som kunne brukast som ein del av grunnlaget for fornyingsstrategien. Invitasjonen blei send til 100 ulike verksemder i privat, offentleg og frivillig sektor, og over halvparten kom med innspel.

20. mars 2007 arrangerte vi regjeringa sin innbyggjarkonferanse. Folk frå heile landet blei inviterte til å fortelje om sine erfaringar.

Vi har jamleg møte med arbeidstakarorganisasjonane, og får mellom anna synspunkt på behova for utvikling og omstillingar. Vi får òg innspel frå leiarane i staten, mellom anna gjennom toppleiarakonferansane.

Vi har utforma fornyingsstrategien med utgangspunkt i desse innspela.

Strategien gir hovudretninga i regjeringa sitt arbeid med fornying i offentleg sektor. Den omtalar verdigrunnlaget og sentrale prinsipp for arbeidet. Den syner at regjeringa satsar på fellesskapsløysingane. Offentleg sektor skal gå føre, og ikkje ukritisk kopiera marknadsløysingane. Strategien skal sikra at ideal som likskap og rettferd blir følgt opp i praktisk politikk.

Fornyingsstrategien gir ein rekkje døme på tiltak knytte til velferds- og forvaltningstenester som er retta mot innbyggjarane, og tiltak retta mot næringslivet. Men fornyingsarbeidet omfattar sjølv sagt òg det indre livet i forvaltninga, mellom anna organisering, arbeidsmetodar, leiarskap, sjølv om vi ikkje har lagt hovudvekta på dette i tiltaka som er omtalt.

Arbeidet med å fornye offentleg sektor er ikkje ein tidsavgrensa aksjon. Vi blir stadig

stilte overfor nye utfordringar. På same måte som vi aldri er ferdige med å skape eit godt velferdssamfunn, blir vi aldri ferdige med å fornye offentleg sektor. Fornyng må difor vere ein kontinuerleg prosess i praktisk talt alle sektorar.

Både leiarar og tilsette har ei viktig oppgåve når det gjeld å vere med på å utvikle offentleg sektor. Vi skal vere stolte av det arbeidet vi gjer. Samtidig må vi stadig leite etter betre måtar å løyse oppgåvene på.



HEIDI GRANDE RØYS

Fornyings- og administrasjonsminister

EIN BETRE OFFENTLEG SEKTOR

Regjeringa har store ambisjonar for offentleg sektor. Vi treng ein sterk og effektiv offentleg sektor for å sikre velferd, og folk må kunne stole på dei offentlege løysingane. Ein god offentleg sektor sikrar òg stabile og framsynte rammevilkår for næringslivet.

Fornyingsarbeidet til regjeringa omfattar tre større reformer i tillegg til ei rekkje tiltak. Tiltaka er ikkje nødvendigvis store eller banebrytande kvar for seg. Det er summen



FORNYING AV
OFFENTLEG SEKTOR



AMBISJONEN VÅR

Noreg skal ha den beste offentlege sektoren i verda.

Vi har allereie i dag eit av dei beste velferdssamfunna i verda. Vi har all grunn til å vere stolte av det som er bygd opp i landet vårt.

Regjeringa ser det som si oppgåve å styrkje, fornye og utvikle velferdssamfunnet vidare. Klarer vi det, overlèt vi til neste generasjon noko meir verdifullt enn det vi sjølve tok over. Noreg har store menneskelege og økonomiske ressursar. Det gir oss eit godt utgangspunkt og gode høve til å nå ambisjose mål.

Fornyninga og utviklinga av velferdssamfunnet byggjer på dei overordna verdiane som ligg til grunn for regjeringa sin politikk:

Fellesskap | Berekraft | Fridom

Fridomen til den einskilde blir best sikra gjennom sterke og gode fellesskap. Difor prioriterer regjeringa å bruke fellesskapsressursane til å byggje ut velferda for innbyggjarane i Noreg. Arbeid til alle, ein god skule, barnehageplass til alle, eit godt helsevesen og ei god eldreomsorg er prioriterte oppgåver. Eit samfunn der alle kjenner seg trygge på at dei grunnleggjande behova deira blir dekte når dei treng det, er eit samfunn der alle kan leve liva sine slik dei sjølve ynskjer det. Eit slikt samfunn treng sterke fellesskapsløysingar.

Velferdsstatane i Norden har satsa på fellesskapsløysingane. Offentleg sektor har teke eit omfattande ansvar for mellom anna utdanning og helsetenester som er tilgjengelege for alle og i hovudsak gratis.

I tillegg sikrar det offentlege pensjon, arbeidsløysetrygd og trygdeytingar til dei som blir langvaring sjuke.


Den nordiske modellen gir grunnleggjande sosial og økonomisk tryggleik for den einskilde. Forskarar peiker no på at dette har gitt den tryggleiken som har gjort det mogleg å gjennomføre naudsynlege omstillingar. Næringslivet i dei nordiske landa har vist seg å vere høgst konkurransedyktig samanlikna med land med langt svakare velferdstilbod og lågare skattar. Universelle trygdeordningar og aktiv arbeidsmarknadspolitik er grunnlaget for ein fleksibel arbeidsmarknad med låg terskel for omstilling. Ein god offentlig sektor er ein konkurransefordel for næringslivet.

Noreg er eit sterkt utoverretta land. Offentlege verksemdar må på ulike måtar handtere ein kvardag som på fleire felt er meir internasjonal enn vi har vore vande til. Til dømes går det føre seg eit omfattande økonomisk samarbeid på tvers av landegrensar. Norsk næringsliv handlar kvar dag med omverda, og store økonomiske investeringar går både ut av og inn i Noreg. Mange styringsorgan, anten dei har ansvaret for toll, politi, samferdsel, forsvar, immigrasjon, bistand eller skatt, må drive eit aktivt utviklingsarbeid for å tilpasse verksemda og tenestene til ei internasjonal utvikling som Noreg er ein del av.

Miljøet er det viktigaste fellesgodet vårt. Ureining og miljøgifter er ein trussel mot alle menneske. Klimaendringane får konsekvensar for alle. Noreg skal gå føre i miljøpolitikken. Ei rekkje tiltak som fornyar offentlig sektor, vil vere med og skape eit betre miljø. Fornyingsarbeidet omfattar òg tiltak for å redusere miljøpåkjenninga frå offentlig verksemd.

RAUD-GRØN FORNYING

Regjeringa ynskjer ein sterk og effektiv offentlig sektor som gir innbyggjarane gode tenester, valfridom og medråderett. Skal vi nå dei ambisjose målsetjingane våre, er det avgjerande at offentlig sektor fungerer godt. Vi har sikra monalege midlar til viktige område i offentlig sektor, og vi legg stor vekt på at tenestene blir utvikla til det beste for innbyggjarane.



GLOBAL MIDDLEMIDDELTEMPERATUR 1860–2006
Avvik frå normal temperatur 1961–1991

Auking i den globale middeltemperaturen dei siste hundre åra syner alvorleg i klimautfordringane.

Kjelde: Meteorologisk institutt, 2007
(www.miljostatus.no)



For oss er det viktig at offentleg sektor er i stand til å ta vare på omsynet til kvalitet, tilgjenge, rettferd og økonomisk effektivitet.

Behova til enkeltmenneska skal stå i sentrum for dei offentlege velferdstenestene. Difor må tenestene tilpassast behovet til den einskilde og utviklast i lag med brukarane. Gjennom aktiv dialog og brukarundersøkingar skal vi syte for medverknad og brukarretting. Samtidig har vi tillit til at kommunane tilpassar velferdstenestene til situasjonen i nærmiljøet. Difor har vi sytt for å auke dei frie inntektene til kommunesektoren monaleg, og difor legg regjeringa lokal fridom og mindre detaljstyring til grunn for politikken vår for å fornye offentleg sektor.

Offentleg sektor skal tene alle, men han kan ikkje gjere alt. Vi inviterer til ein brei diskusjon og dialog om dei løysingane som gir den beste kvaliteten og den mest rettferdige fordelinga av velferdsgoda.

Gjennom det offentlege skal alle ha tilgang til velferdstenester av god kvalitet. Slik skaper vi tryggleik for kvar og ein. Eit samfunn der alle kjenner seg trygge på at dei får dekt viktige behov, er eit samfunn som er godt for oss alle. Dersom tenestene er i tråd med forventningane og har god kvalitet, blir krava om privatisering og kommersialisering svekte. Vi ynskjer ikkje eit samfunn der lomdeboka til den einskilde skal avgjere kvaliteten på og innhaldet i velferdstilbodet. Fridom for den einskilde skal ikkje gå på kostnad av fridomen for andre. Då skapar vi eit utrygt samfunn.

Reell valfridom oppnår vi dersom eit tilbod har god kvalitet og er tilgjengeleg for alle. Vi ynskjer valfridom for barnefamiljar. Difor har målet om barnehageplass for alle som ynskjer plass, vore eit hovudmål

for regjeringa frå første dag. Vi ynskjer valfridom i eldreomsorga. Difor byggjer vi ut omsorgstilbodet og løyver meir pengar til kommunane slik at det blir fleire hender på sjukeheimar og i heimetenestene.

Målet regjeringa har for å fornye offentleg sektor, er å skape meir og betre velferd. Står vi fast på gamle løysingar som ikkje verkar, blir velferda svekt. Tilliten til fellesskapsløysingane blir redusert. Dersom oppgåver blir dårleg utførte, eller ikkje samsvarer med behova, skal vi ta kraftfulle grep for å sikre at oppgåvene blir løyste på ein god måte. Og oppgåver som blir utførte godt, skal utviklast vidare og bli betre. På den måten skaper vi ein betre og meir effektiv offentleg sektor.

Informasjonsteknologien står sentralt i fornyingsarbeidet til regjeringa. Noreg er eit føregangslend ved å ta i bruk nye løysingar der teknologiutviklinga gjer dette mogleg. Vi har høve til å utvikle svært gode løysingar som kan gjere forvaltninga lettare tilgjengeleg og dialogen med brukarane betre. Dette fører til at vi får brukt ressursane i forvaltninga meir effektivt. Informasjonsteknologien er viktig for alle sektorar og praktisk talt alle sider av arbeidet med å fornye og forbetre offentleg sektor. Ein offensiv og heilskapleg IKT-politikk er difor eit svært viktig verkemiddel i fornyingspolitikken. Regjeringa vil leggje til rette for å bruke opne standardar og for gjenbruk av IT-løysingar mellom offentlege verksemder.

Medverknad er eit sentralt utgangspunkt. Fornyingsarbeidet må gjennomførast i samarbeid og dialog med innbyggjarane, næringslivet og den frivillige sektoren. Kombinasjon av folkeleg engasjement og folkevald styring er det beste utgangspunktet for ei god utvikling av offentleg sektor.

Dei tilsette i offentleg sektor er svært viktige i arbeidet med å sikre ein sterk og effektiv offentleg sektor. Ved å gi dei tilsette høve til å spele ei viktig rolle i planlegging og gjennomføring av oppgåvene blir dei motiverte til å vere med på utviklingsarbeidet. Regjeringa legg difor stor vekt på at endringar skjer i pakt med dei beste tradisjonane vi har for omstillingar, jamfør regel- og avtaleverket om medråderett for dei tilsette. Alle dei som utviklingsarbeidet vedkjem, skal kome til orde, og dei tilsette må få rimeleg tid til omstilling der dette er naudsynt.

DEI STORE REFORMENE

For å utvikle tenestene i offentleg sektor er det sett i gong tre store reformer: NAV-reforma, forvaltningsreforma og pensjonsreforma. Kvar av desse representerer omfattande prosessar der gjennomføringa krev stor klokskap, dugleik og energi. Vi har store forventningar til at reformene kan føre til store forbetringar på svært viktige område.

NAV-reforma

NAV-reforma blir no sett ut i livet. Føremålet med NAV-reforma er å få fleire i arbeid og aktivitet, og færre på stønad gjennom ei brukarretta, effektiv og heilskapleg arbeids- og velferdsforvaltning. Arbeids- og velferdsetaten blei oppretta 1. juli 2006. Då overtok den nye etaten det ansvaret og dei oppgåvene trygde-etaten og Aetat hadde tidlegare. Arbeids- og velferdsetaten og kommunane skal etablere felles lokalkontor (NAV-kontor) som innan 2010 dekkjer alle kommunar. Kommunane skal som eit minimum organisere økonomisk sosialhjelp, råd og rettleiing i NAV-kontoret. Gjennom reforma skal ein sikre ei felles dør til tenestene i arbeids- og velferdsforvaltninga. Innan utgangen av 2007 vil det vere etablert 135 NAV-kontor. Dei kontora som står att, blir etter planen etablerte i 2008 og 2009.

Regjeringa vil sikre at NAV-reforma blir gjennomført som planlagt. Forvaltninga skal gjerast meir effektiv gjennom å auke bruken av sjølvbeteningsløysingar på Internett, og ved at ein samlar forvaltninga og regelstyrte ytingar i spesialeiningar. Dette kan frigjere tid til å drive individuell rettleiing og oppfølging i NAV-kontora.

Forvaltningsreforma

Ein tenleg forvaltningsstruktur og god oppgåvefordeling mellom forvaltningsnivåa er ein føresetnad for eit funksjonelt og effektivt styringssystem.

Det skal vere tre direkte folkevalde forvaltningsnivå i Noreg. Det regionale nivået skal fornyast og styrkjast. Hovudmålet er å sikre ein offentleg sektor som fungerer godt på alle tre nivå. Vi ynskjer sterke kommunar og robuste regionar som ved eit levande folkestyre kan utnytte lokale og regionale fordelar til beste for innbyggjarane, næringslivet og samfunnet elles. Strukturen skal forenklast. Dei folkevalde regionane skal få ei tilstrekkeleg breidd og tyngd i oppgåvefordelinga.

Regjeringa har avgjort at oppgave- og ansvarsfordelinga mellom forvaltningsnivåa skal avklarast først. Dette skjedde ved å leggje fram St.meld. nr. 12 (2006–2007) Regionale fortrinn – regional framtid. Meldinga blei handsama av Stortinget i mai 2007, og gjorde mellom anna følgjande vedtak: «Stortinget ber Regjeringen om å vurdere innspill fra andre kommuner og fylkeskommuner når det gjelder framtidige oppgaver og ansvarsområder for de nye regionene fram til endelig anbefaling legges fram for Stortinget våren 2008.»

Forvaltningsreforma skal gjennomførast frå 1. januar 2010.

Pensjonsreforma

Våren 2005 blei det inngått eit breitt politisk forlik om prinsippa i ei pensjonsreform. På grunnlag av dette fremja Regjeringa St.meld. nr. 5 (2006–2007) om Opptjening og uttak av alderspensjon i folketrygden. Ved handsaminga i Stortinget våren 2007 blei det inngått eit nytt breitt politisk forlik om den nærare utforminga av eit nytt pensjonssystem.

Det nye pensjonssystemet, som skal innførast frå 2010, byggjer på fire hovudmål. Det skal vere økonomisk og sosialt berekraftig, motivere til arbeid, ha god fordelings- og likestillingsprofil og vere enkelt og forståeleg. At det skal vere enkelt og forståeleg er ein føresetnad for at den einskilde kan ta gode avgjersler om pensjonerings- tidspunkt og behov for eiga sparing til pensjoneringsalderen.

I det nye pensjonssystemet vil alderspensjon i folketrygda kunne takast ut frå 62 år og fritt

kombinerast med arbeid utan avkorting i pensjonen. Samtidig vil systemet stimulere til arbeid ved at ein får høgare årleg pensjon dess seinare pensjonen blir teken ut.


FORNYINGSARBEIDET I KOMMUNANE

Kommunane har mykje å seie for kvar dagen til folk. Ein utviklingsorientert kommunesektor skal levere tenester av høg kvalitet som er tilpassa behova til innbyggjarane og lokalmiljøet. Det er kommunane og fylkeskommunane sjølve som har ansvaret for drift, omstilling og fornying i sektoren. Målsetjinga til regjeringa er at ein i minst mogleg grad skal fastsetje detaljerte krav til korleis den kommunale tenesteytinga skal organiserast og drivast.

Denne regjeringa har auka dei økonomiske rammene og medverka til å styrkje det handlingsrommet kommunane har for å kunne levere tenester av høg kvalitet til innbyggjarane.

Kommunane sjølve driv eit omfattande utviklingsarbeid i kommunesektoren. Mykje av fornyingsarbeidet skjer i eit samarbeid mellom staten og sektoren. Det er inngått ei rekkje samarbeidsavtalar mellom staten og KS. Viktige tema er kvalitetsforbetringar, utvikling av lokalsamfunnet og ein offensiv arbeidsgivarpolitikk der leiing og medverknad står sentralt. Kvalitet i kommunal sektor omfattar fagleg kvalitet, trivsel for folk, helsefremjande arbeidsmiljø og kontinuerleg kompetansebygging. I mars 2007 blei det for første gong presentert kvalitetsindikatorar i KOSTRA, det nasjonale systemet for rapportering frå kommunane til staten.

I 2007 blei kvalitetskommuneprogrammet etablert. Programmet skal vere med og oppfylle visjonane til regjeringa om ein aktiv og kompetent kommunal sektor som i dialog med innbyggjarane sine yter gode tenester slik at innbyggjarane merkar forbetringar. Sentrale stikkord for dette er kvalitetsutvikling og omstilling forankra hos medarbeidarane. Det er eit særskilt mål å redusere sjukefråveret i kommunesektoren. Programmet blir gjennomført i 2007, 2008 og 2009 som eit trepartsamarbeid mellom staten, KS og arbeidstakarorganisasjonane. Det er eit mål at over halvparten av dei 431 kommunane i landet skal ta del i programmet.



PENSJONSSKYLDNADEN OG PENSJONSFONDET

Inntektene frå petroleumsverksemd vil over tid verta redusert. På same tid vil pensjonsskyldnaden med dagens pensjonssystem halda fram med å auke sterkt. Present av BNP for Fastlands-Norge.

— Folketrygdens alderspensjonsforpliktelser

— Statens pensjonfond

Kjelde: Finansdepartementet



**FORNYINGSSTRATEGIEN
TIL REGJERINGA**



Regjeringa sitt arbeid med fornying omfattar tre store reformer og eit høgt tal andre tiltak. Arbeidet med kvart einskild tiltak må sjåast i ein større samanheng og gå inn i ein heilskapleg endringsstrategi. Under gjer vi greie for strategien. Vi forklarar viktige prinsipp og viser hovudretninga som regjeringa legg til grunn for utviklingsarbeidet i offentleg sektor.

OFFENTLEG SEKTOR SKAL GÅ FØRE

Offentleg sektor gjer det mogleg for fellesskapet å verkeleggjera visjonar, idear og solidaritet på måtar som ligg utanfor det den einskilde, bedriftene eller marknaden vanlegvis kan klare. Men dette forpliktar. Offentleg sektor må gå føre. Den må opp- tre på rett måte og vere eit førebilete.

■ Offentleg sektor skal gå føre som ansvarleg forbrukar og etterspørje miljøvennlege varer og tenester på bakgrunn av livsløpskostnader, kvalitet og miljøeigenskapar.

■ Offentleg sektor skal gå føre som ansvarleg samfunnsaktør med høg etisk standard i all si verksemd.

■ Offentleg sektor skal ha ein mangfaldig arbeidsstyrke og skal gå føre å rekruttere arbeidskraft frå grupper som ikkje alltid slepp like lett inn i arbeidsmarknaden.

■ Offentleg sektor skal gå føre når det gjeld å tilpasse tenestene sine til eit mangfaldig folk.

offentlege tenester og informasjon til rette elektronisk. Samtidig vil regjeringa arbeide for å sikre inkludering gjennom auka tilgang til informasjonsteknologien, universell utforming og digital kompetanse.

■ Alle skal ha tilgang til moderne kommunikasjonskanalar som mellom anna gjer det mogleg å nytte offentlege elektroniske løysingar.

■ Alle som ynskjer det, skal ha tilgang til utstyr og bistand som gjer det mogleg å nytte offentlege elektroniske løysingar.

■ Det er eit offentleg ansvar å bidra til at alle som ynskjer det, er i stand til å bruke dei digitale løysingane i offentleg sektor.

ENKELT OG GREITT FOR INNBYGGJARANE

I dei fleste høva skjer kontakten mellom innbyggjarane og offentleg sektor med utgangspunkt i enkle og standardiserte oppgåver, slik som søknader, refusjonar og skatteoppgjer. Nye elektroniske tenester og sjølvbeteningsløysingar inneber at alle partar kan bruke mindre tid og ressursar på slike rutinemessige og ukompliserte førespurnader.

■ All kommunikasjon til innbyggjarane skal utformast slik at det er lett å forstå kva saka gjeld, kva vedtaket inneber i praksis, grunngivinga for vedtaket, kvar ein kan finne meir informasjon, og kvar og korleis ein kan klage.

■ Elektronisk kommunikasjon skal vere den primære kanalen for dialogen mellom innbyggjarane og offentlege verksemdar.

■ Alle former for relevante tenester som har innbyggjarane som målgruppe, skal vere elektronisk tilgjengelege med utgangspunkt i behova og ynskja til innbyggjarane.

MEIR DELTAKING OG MEDVERKNAD

Eit levande demokrati med openheit, deltaking og medverknad er ein føresetnad for å møte samfunnsutfordringane. Det er når innbyggjarane og dei tilsette blir involverte at vi best kan løyse miljøproblema, få fleire i arbeid, bidra til utjamning, sikre nasjonal og lokal råderett over naturressursane og norsk eigarskap i næringslivet.

■ Det skal lagast nye møteplassar, òg virtuelle, der innbyggjarane får høve til å fremje forslag og synspunkt og kome med innspel i aktuelle saker.

■ Kunnskap om verksemda i offentleg sektor skal vere lett tilgjengeleg for alle, og slik at flest mogleg kan forstå og bruke kunnskapen.

NOREG PÅ NETT – ELEKTRONISKE TENESTER FOR ALLE

Noreg ligg i verdstoppen når det gjeld utbreiing av informasjonsteknologi i samfunnet. Dette gjer det mogleg å leggje

BETRE FOR DEI SOM TRENG DET MEST

Når forvaltninga bruker mindre tid og ressursar på rutinemessige førespurnader, blir det òg meir tid til dei som treng det mest. Innbyggjarar som treng samansette tenes-

ter, treng eit meir heilskapleg tilbod. Då er det viktig med eit tverrfagleg samarbeid mellom offentlege verksemder.

■ Betre organisatorisk samordning skal sikre at dei som treng eit meir omfattande og samansett velferdstilbod, får ein enklare kvardag.

■ Fagleg samordning og god informasjon flyt skal vere med og skape eit kvalitativt betre tilbod til alle som ikkje alltid sjølve er i stand til å slå fast sitt eige behov.

■ Velferdsordningar skal i større grad sjåast i samanheng, slik at ulike tenester ikkje verkar mot kvarandre eller samla sett skapar utilsikta verknader, til dømes utstøying frå arbeidslivet.

LEGGJE TIL RETTE FOR VERDISKAPING

Offentleg sektor er viktig for næringslivet. Ein god offentlig sektor er med på å skape stabile og føreseielege rammevilkår, og er ein konkurransefordel for næringslivet.

■ Elektronisk kommunikasjon skal vere den primære kanalen for dialogen mellom næringslivet og offentlege verksemder.

■ Det skal bli enklare og mindre kostnadsnevjande for næringslivet å følgje offentlege regelverk.

■ Det skal bli enklare å opptre ryddig og ansvarleg når arbeidskrafta kjem frå utlandet.

KVALITET OG EFFEKTIVITET

Vi må få mest mogleg ut av dei ressursane vi har i offentlig sektor. Vi må bruke ressursane på dei riktige tinga og bruke den beste teknologien og dei beste arbeidsmetodane. Dei tenestene som offentlig sektor leverer til innbyggjarane, må vere prega av høg kvalitet.

■ Det skal leggjast større vekt på korleis innbyggjarane opplever det offentlege tilbodet – frå enkle førespurnader på telefon til meir langvarige og samansette tilbod.

■ Vi skal dokumentere kva tenester som blir ytt til innbyggjarane, slik at det blir lettare å vurdere om desse svarar i forhold til dei ressursane vi brukar for å yte desse tenestene.

■ Vi skal ta i bruk elektroniske løysingar i sakshandsaming og samhandling i offentlig sektor der dette er føremålstenleg, både for å frigjere ressursar og for å auke kvaliteten på tilbodet.



FORNYINGSARBEIDET

I PRAKSIS

Dette er ikkje ei uttømmende liste over alle fornyingsaktivitetane, men ei framstilling av korleis strategien legg grunnlag for det konkrete fornyingsarbeidet.

OFFENTLEG SEKTOR SKAL GÅ FØRE

Offentleg sektor gjer det mogleg for fellesskapet å verkeleggjere visjonar, idear og solidaritet på måtar som ligg utanfor det den einskilde, bedriftene eller marknaden vanlegvis kan klare. Men dette forpliktar. Offentleg sektor må gå føre. Den må opptre på rett måte og vere eit førebilete. Klarer vi ikkje det i offentleg sektor, kan vi vanskeleg krevje det av andre.

■ Offentleg sektor skal gå føre som ansvarleg forbrukar og etterspørje miljøvennlege varer og tenester på bakgrunn av livsløpskostnader, kvalitet og miljøeigenskapar.

Noreg skal vere eit føregangslend i miljøpolitikken. Ei slik målsetjing føreset at alle gjer sitt. Ein må difor òg forvente at offentleg sektor går føre som eit godt døme.

Regjeringa har lagt fram ein handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp. Planen peiker på konkrete tiltak for å fremje offentleg etterspurnad etter produkt med høg standard knytte til miljø og etikk. Målet er å minimere miljøbelastninga knytt til offentlege innkjøp. Her prioriterer vi klima, helse- og miljøfarlege kjemikalier og biologisk mangfald. Miljøpolitikken for statlege innkjøp gjeld frå 1. januar 2008 og skal integrerast i miljøeiingssystemet til kvar einskild verksemd. I tillegg til målsetjinga om at verksemda i staten skal ta miljøomsyn, blir det innleidd eit samarbeid med KS om korleis kommunane kan stimuleras til å stille dei same miljøkrava til sine verksemder.

Døme på tiltak under denne delstrategien:

■ Alle statlege verksemder skal ta i bruk fjernmøteteknologi for å redusere reiseverksemda når det er føremålstenleg, og når det reduserer kostnadene samla sett. Utanriksdepartementet skal til dømes ta i bruk fjernmøteteknologi i kommunikasjonen mellom departementet og utanriksstasjonane. Eit anna døme er forslag til forskrift til ny tvistelov som tek med bruk av fjernmøte og fjernavhør.

■ Statlege verksemder med store miljøkonsekvensar blir bedne om å innføre 3. part sertifiserte miljøeiingssystem som ISO 14001 eller EMAS for heile eller delar av verksemda. Andre departement og etatar under desse skal som eit minimum ha eit enkelt miljøeiingssystem, jamfør mellom anna rettleiar for miljøeiing i staten (prosjekt Grønn stat) frå 2003.

■ Regjeringa har foreslått ein ny plandel av plan- og bygningslova med auka vekt på berekraftig arealpolitikk, kunnskap om miljøverknader av tiltak, langsiktige arealavklarings og samordning på tvers av sektorar og forvaltningsgrenser. Målet er at kommunane i sterkare grad kan leggje til rette for eit utbyggingsmønster som mellom anna reduserer transportbehov og sikrar landbruks-, natur- og friluftsområde mot unødige nedbygging.

■ Det blir lagt til rette for betre data, indikatorar og rapportering om miljøeffektane av offentlege innkjøp gjennom rettleiing og statusundersøkingar. I pilotprosjekt «StatRes Miljø» i regi av Statistisk sentralbyrå vurderer ein òg behov for nye data og indikatorar på dette området.

■ Alle statlege verksemder skal vurdere konkrete mål for reduksjon på sine område – det vil seie kva og kor mykje miljøskadeleg aktivitet den einskilde verksemda kan vere med på å avgrense. Miljøstiftinga GRIP arbeider mellom anna med å utvikle modellar og verktøy for klimarekneskap i næringslivet, og dette arbeidet blir òg brukt for å vurdere indikatorar for bruk internt i statlege verksemder.


■ Offentleg sektor skal gå føre som ansvarleg samfunnsaktør med høg etisk standard i all si verksemd.

I Noreg kjøper offentleg sektor kvart år varer og tenester for godt over 275 milliardar kroner. Dette utgjer om lag 15 prosent av bruttonasjonalproduktet. Regelverket for offentlege innkjøp skal sikre at desse midlane blir best mogleg nytta gjennom kostnadseffektive innkjøp, samtidig som offentleg sektor gjennom sine innkjøp gjer sitt til å utvikle eit konkurransedyktig norsk næringsliv.

Regjeringa vil kartleggje handlingsrommet som dagens regelverk gir, slik at sosiale og etiske krav kan fremjast ved

Fornyninga av offentleg sektor får noko å seie for praktisk talt alle område i politikken. Statlege verksemder og kommunar skal gjennomføre fleire tiltak av ulike slag. Det må stillast strenge krav til både statlege og kommunale verksemder om å drive eit aktivt utviklingsarbeid. Leiarar og tilsette på alle nivå i det offentlege har eit ansvar for å drive fram eller bidra til fornyingsarbeidet slik at innbyggjarane får stadig betre tenester.

Under gjer vi nærare greie for dei einskilde elementa i strategien. Vi gir døme på tiltak som viser korleis strategien skal følgjast opp.



IKKJE FLEIRE FUNKSJONSHEMMEDE I ARBEID

- Delen innbyggjare som er sysselsatte
- Delen av alle med funksjonshemming som er sysselsatte

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

offentlege innkjøp. Målet er å kunne gi retningslinjer for korleis sosiale og etiske krav skal leggjast til grunn, og eventuelt vurdere pålegg for statlege innkjøparar om å leggje sosiale og etiske krav til grunn for sine innkjøp.

Saman med ratifisering av konvensjonane mot korrupsjon både i FN og Europarådet inneber dette omfattande plikter for offentleg sektor i Noreg og utlandet. Eit døme er tydelege retningslinjer for at statens pensjonsfond skal trekkje seg ut av alle selskap som ein trur medverkar til uetisk aktivitet. Det er oppnemnt eit etisk råd for å vurdere slike tilfelle.

Døme på tiltak under denne delstrategien:

Vi vurderer å endre reglar for å klargjere og styrkje den etiske standarden i kommunesektoren. Arbeidet tek utgangspunkt i ei kartlegging av regelverk som har noko å seie for etiske forhold i kommunane.

Det skal leggjast betre til rette for at arbeidstakarar i staten skal kunne varsle om kritikkverdige forhold utan å få represalier for dette. Det blir mellom anna utarbeidd ein rettleiar for å etablere slike varslingsrutinar.

Kunnskapen om regelverket for innkjøp blir auka i heile den offentleg sektoren for å redusere talet på regelbrot. Det blir òg vurdert å trekkje innkjøpsnettverka i det offentlege Noreg inn i arbeidet med å auke kompetansen.

Auka e-handel i offentleg sektor og bruk av elektronisk innkjøpsstøtte gjer det mogleg å etterprøve alle ledd i innkjøpsprosessen. Gjennom e-handel kan vi få auka kvalitet i heile innkjøpsprosessen, meir

effektive og enklare rutinar som igjen gjer at vi kan bruke mindre tid til administrasjon, og at det blir gjort færre feil.

Det blir laga ein rettleiar for offentlege innkjøparar om korleis dei kan fremje etiske og sosiale krav. På grunnlag av rettleiaren, og praktiske døme, blir det etablert eit opplærings- og rådgivingstilbod for innkjøparar i offentleg sektor.

Offentleg sektor skal ha ein mangfaldig arbeidsstyrke, og skal gå føre i å rekruttere arbeidskraft frå grupper som ikkje alltid slepp like lett inn i arbeidsmarknaden.

Yrkesdeltakinga i Noreg er rekordhøg – og om lag 10 prosent høgare enn i EU og OECD-området. Likevel er det mange som har problem med å kome seg inn på arbeidsmarknaden. Den registrerte arbeidsløysa for innbyggjarar med innvandrarakgrunn er til dømes framleis meir enn tre gonger så høg som for befolkninga elles, og talet på personar som får uføreytingar veks. Ved utgangen av 2006 fekk 327 800 personar uføreytingar.

Mangfald og eit inkluderande arbeidsliv krev ein målretta innsats mot alle former for diskriminering i arbeidslivet. Mangfaldsperspektivet handlar om å snu tenkinga frå «marginale grupper» til arbeidsevne og arbeidskraftpotensial, frå å tenkje problem til å tenkje kva som er mogleg. Dette er utgangspunktet for at regjeringa ynskjer at offentleg sektor skal gå føre i arbeidet med å tilsetje arbeidstakarar som slit med å kome inn i arbeidslivet, som til dømes innvandrarak, seniorar og funksjonshemma.

Regjeringa har i Plan for rekruttering av personar med nedsett funksjonsevne som

mål at fem prosent av nyttilsetjingane i staten skal vere personar med nedsett funksjonsevne.

Regelen om 40 prosent kjønnsrepresentasjon i ASA-styra blei gjeldande frå 1. januar 2007. Òg offentleg sektor må gjere meir for å auke talet på kvinnelege leiarar på høgt nivå.

Døme på tiltak under denne delstrategien:

Regjeringa vil etablere eit toårig forsøk med moderat kvotering for personar med innvandrarakgrunn i statleg forvaltning, med tilhøyrande leiaropplæring og tilpassa informasjonsmateriell.

Forsøk med redusert arbeidstid for utvalde tilsette over 62 år i staten er sett i gang. Forsøka skal gå over to år og blir gjennomførte i Skatteetaten, Statens vegvesen og fylkesmannsembeta. I tillegg blir det gjort eit særskilt forsøk med redusert arbeidstid for prestar i Nidaros og Borg bispedømme.

Kostnader til pensjon, førtidspensjon og uførepensjon skal i større grad gjerast synleg for kvar etat. Mangel på kunnskap om langtidskostnadene, kan auke faren for at bl.a. eldre arbeidstakarar blir skuvde ut av arbeidslivet mot sin eigen vilje.

Det skal setjast inn tiltak for å oppnå større openheit og medvit om leiarlønningar i bedrifter der staten er ein stor eigar. Verksemdene dette gjeld, er informerte om regjeringa sin politikk på dette området.

Offentleg sektor skal gå føre når det gjeld å tilpasse tenestene sine til eit mangfaldig folk.

Offentlege tenester må vere tilpassa mangfaldet i befolkninga, og det må takast omsyn til at folk har ulike behov. Dette gjeld til dømes i helsevesenet, i arbeidsmarknaden, i sosial- og trygdesystemet, og i skulen.

Til hjelp i dette arbeidet er det utarbeidd ein rettleiar til utgreiingsinstruksen, «Likestillingsmessige konsekvenser for personer med innvandrerbakgrunn, same og nasjonale minoriteter». Føremålet med rettleiinga er å sikre at statlege instansar best mogleg kan greie ut konsekvensane av forslaga sine for etniske minoritetar.

Døme på tiltak under denne delstrategien:

I Oslo vil Skattedirektoratet, Utlendingsdirektoratet, Politiet og Arbeidstilsynet opprette eit felles servicekontor for utanlandske arbeidstakarar og arbeidsgivarane deira.

Det er utarbeidd ein rettleiar for eit inkluderande språk til bruk for tilsette i forvaltninga.

Regjeringa vil kartleggje etnisk diskriminering og undersøkje korleis innvandrarakgrunn opplever å bli handsama i møte med offentleg sektor. Dette vil gi grunnlag for nye tiltak, som kompetanseutvikling innanfor feltet tverrkulturell kommunikasjon, betre verkøy for å sjå behova og synspunkta til innbyggjarane, eller tilrettelagd informasjon for ulike brukargrupper.

Det er eit mål at alle offentlege register skal kunne bruke samiske teikn. Statlege etatar er difor pålagde å vurdere behovet for å ta i bruk programvare eller plattformar som gjer det mogleg å bruke samisk teiknsett etter kvart som eksisterande programvare blir skifta ut.


For innvandrarakgrunn, særleg dei som nyleg er komne, skal viktig informasjon til målgruppa vere tilgjengeleg òg på andre språk enn norsk på nettstader og i publikasjonar.

Kommunikasjon via tolk er ein føresetnad for å kunne sikre rettstryggleik og gi likeverdige tenester til alle. Dette gjeld særleg i samband med viktige og sårbare situasjonar. Offentlege institusjonar skal gjerast medvitne om behovet for riktig og nødvendig bruk av tolk.

MEIR DELTAKING OG MEDVERKNAD

Eit levande demokrati med openheit og deltaking er ein føresetnad for å møte samfunnsutfordringane. Det er når innbyggjarar og tilsette blir involverte at vi best kan løyse miljøproblema, få fleire i arbeid, bidra til utjamning, sikre nasjonal og lokal råderett over naturressursane og nasjonalt eigarskap i næringslivet.

Det skal lagast nye møteplassar, òg virtuelle, der innbyggjarane får høve til å fremje forslag og synspunkt og kome med innspel i aktuelle saker.




INTERNETT GIR NYE HØVE FOR KONTAKT MELLOM INNBYGGJARANE OG DET OFFENTLEGE

Del av dei som har brukt Internett siste 3 månader som har vore i kontakt med offentlege styresmakter via Internett, 2. kvartal 2007.

- Søkt på offentlege websider
- Lastet ned offisielle skjema
- Sendt inn utfylte skjema

Kjelde: Statistisk sentralbyrå



TILKOPLING TIL INTERNETT

I dag er over halvparten av alle hushald tilknytte Internett via breiband.

- Breiband
- Oppringt
- Ikkje tilknytta

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Avstanden mellom politikarane og innbyggjarane skal gjerast mindre. Vi trur at den beste valfridomen er at innbyggjarane sjølve får vere med på å påverke korleis tenestetilbodet blir utforma. Dette var òg utgangspunktet for at fornyingsministeren våren 2007 skipa regjeringa si innbyggjarkonferanse. På konferansen kom folk frå alle delar av landet med innspel til fornyingsarbeidet, mellom anna til korleis forvaltninga kunne vere meir open og inkluderande når politikken blei utforma. Fleire av tiltaka i denne strategien er eit resultat av oppfølgingsarbeidet frå denne konferansen.

Ny teknologi kan brukast til å involvere grupper som ikkje er like lette å nå gjennom meir etablerte kanalar, som til dømes ungdom eller funksjonshemma. Den same teknologien gir òg nye og spennande former for medverknad i ulike prosjekt, noko utvikling av fri programvare illustrerer.

Hole er eit godt døme på ein kommune som har teke i bruk nye metodar for å kommunisere med innbyggjarane. I tillegg til ei meir tradisjonell «heimeside» kan innbyggjarane òg kommunisere direkte med politikarane i kommunen via Internett.

Innbyggjarane kan òg leggje fram forslag til kommunestyret via heimesidene, som ein del av ei forsøksordning.

Døme på tiltak under denne delstrategien:

Alle statlege etatar og verksemdar som har stor grad av samhandling med innbyggjarane, skal som hovudregel etablere brukarråd eller brukarpanel. Kommunane blir oppfordra til å gjere det same.

Vi skal endre arbeidsformer for å få innbyggjarane i tale. Døme på slike tiltak kan vere fornyingsdugnaden og innbyggjarkonferansen til regjeringa. Meininga er å stimulere til medverknad når politikken blir utforma, ved å få inn idear og alternative synspunkt.

IKT- og mediebruken blir stadig meir interaktiv, kommuniserande og sosial. Typiske døme er Youtube, Facebook, Second Life, Nettby og Wikipedia. Regjeringa vil setje i gong ein studie for å vurdere kva dette kan ha å seie når det gjeld måten offentleg sektor legg til rette for deltaking og involvering på. Studien blir sett i gong hausten 2007.

Det blir laga ei rettleiing i brukarmedverknad for offentleg sektor våren 2008. Rettleiinga skal vere ei hjelp og ein inspirasjon til offentleg etatar i arbeidet deira med å rette tenestene inn mot brukarane.

Regjeringa har starta opp eit unikt prøveprosjekt i regi av Direktoratet for naturforvaltning, som inneber at frivillige skal kunne ta del i arbeidet med å sikre biologisk mangfald ved å registrere eigne funn i Artsdatabanken, den nasjonale kunnskapsbanken for biologisk mangfald.

Kunnskap om verksemda i offentleg sektor skal vere lett tilgjengeleg for alle, og slik at flest mogleg kan forstå og bruke kunnskapen.

Det er eit mål at alle skal ha tilgang til kunnskap og innsikt som gjer det mogleg å delta i dei demokratiske prosessane og kjenne rettane sine. Kjennskap til verksemda i offentleg sektor er ein viktig del av dette.

Ny teknologi og vektlegginga av ein open offentleg sektor, gjer det enklare å sikre at fleire kan ha meiningar om offentleg

sektor og det offentlege tilbodet. Det er ingen tvil om at ein kommune som legg ut sakspapir, møtereferat, innkallingar og postjournalar, gjer det mykje lettare for innbyggjarane i kommunen å engasjere seg i lokaldemokratiet.

Døme på tiltak under denne delstrategien:

Den nye offentleglova, som tek til å gjelde 1. januar 2008, skal gjere det lettare for innbyggjarane å få innsyn i offentlege prosessar og avgjersler. Lova har eit vidare virkeområde og mindre høve til å gjere unntak enn tidlegare.

Det skal etablerast ei publiseringsløyning for offentlege elektroniske postjournalar med tilgang frå Internett. Publiseringssløyninga skal gjere det enklare for publikum å få innsyn i dokumenta til forvaltninga, og skal etter planen vere klar 1. januar 2008.

Evalueringar, brukarundersøkingar, målingar av ressursbruk og resultat i staten skal gjerast tilgjengelege på nettstaden til verksemdene.

NOREG PÅ NETT – ELEKTRONISKE TENESTER FOR ALLE

Noreg ligg i verdstoppen når det gjeld utbreiing av informasjonsteknologi i samfunnet. Dette gjer det mogleg å leggje til rette offentlege tenester og informasjon elektronisk. Samtidig vil regjeringa arbeide for å sikre inkludering gjennom auka tilgang til informasjonsteknologien, universell utforming og digital kompetanse.

Alle skal ha tilgang til moderne kommunikasjonskanalar som gjer det mogleg å nytte offentlege elektroniske løysingar.

Deltaking i sosiale fellesskap i det moderne Noreg føreset at ein har god tilgang til infrastrukturen i samfunnet. Ikkje berre i form av vegar og offentleg kommunikasjon, men òg tilgang til Internett og andre former for digital kommunikasjon. Vi bruker difor offentlege midlar for å vere med på å realisere utbygging av område der det kommersielt ikkje let seg gjere.

Ein rapport frå Teleplan viser at 98,3 prosent av innbyggjarane i dag har tilgang til breiband. Rapporten viser at 99 prosent av innbyggjarane kjem til å ha tilgang ved utgangen av 2007. Tala inkluderer òg mobilt breiband. Når det gjeld mobilnett, viser tala for januar 2007 at 99,84 prosent av innbyggjarane er dekt, medan den geografiske dekninga tilsvarer 85,3 prosent.

Døme på tiltak under denne delstrategien:

Alle husstandar og private og offentlege verksemdar skal ha tilgang til eit framtidretta digitalt nett med høg kapasitet. Det er eit mål at dette skal vere innfridd i 2007. Regjeringa har difor løyvd 255 millionar kroner ekstra til breiband i revidert nasjonalbudsjett for 2007. Totalt har regjeringa då sett av 377 millionar kroner til breibandsutbygging i 2007.


Vi skal leggje til rette for utbygging av mobilnettet i dei områda der dekninga i dag er for dårleg. Det blir arbeidd med ulike støtteordningar for å auke dekningsgraden.

Vi foreslår å utvide verkeområdet for Brukarklagenemnda for elektronisk kommunikasjon til å omfatte alle elektroniske kommunikasjonstenester slik at forbrukarane raskt og billig kan få handsama klagane sine.

Alle som ynskjer det, skal ha tilgang til utstyr og bistand som gjer det mogleg å nytte offentlege elektroniske løysingar.


Regjeringa er oppteken av at vi ikkje skal utvikle eit samfunn der ein del av befolkninga fell utanfor fordi dei ikkje har tilgang til eller er i stand til å bruke moderne kommunikasjonskanalar. Tal for 2006 viser at familiar med barn og familiar med høg inntekt i større grad enn andre har tilgang til informasjons- og kommunikasjonsteknologi. Medan 84 prosent av hushalda med samla bruttoinntekt på over 600 000 har breiband, er delen for hushald med inntekter under 200 000 kroner berre 39 prosent.

Eit viktig bidrag til å jamne ut skilnader er arbeidd med å sikre alle elevar i skulen digital kompetanse som ein grunnleggjande dugleik. I Stortingsmeldinga «Eit informasjonssamfunn for alle» har vi i tillegg signalisert at offentlege verksemdar skal vere med å auke den digitale



TILGANG TIL INTERNETT ER AVHENGIG AV INNTEKT

Andel av hushald med tilgang til Internett heime, etter deira samla bruttoinntekt, 2. kvartal 2007.



Kjeld: Statistisk sentralbyrå

kompetansen til innbyggjarane gjennom å samarbeide både med arbeidslivet og ideelle verksemder. Offentlege kontor med publikumstenester blir òg oppfordra til å etablere publikumsterminalar og organisere rettleiing for å sikre tilgang til elektroniske tenester for innbyggjarar som ikkje har tilgang til datautstyr heime eller på arbeidsplassen.

Døme på tiltak under denne delstrategien:

Regjeringa vil vurdere å leggje til rette for at offentlege verksemder, som bibliotek, kommunale servicekontor og NAV-kontor, skal kunne tilby både tilgang til offentlege elektroniske tenester via publikumsterminalar og rettleiing i bruken av desse.

Regjeringa vil arbeide for at det i flest mogleg kommunar skal vere minst ein stad der dei som ikkje har høve til å bruke elektroniske løysingar, kan få hjelp og rettleiing. Dette kan til dømes vere eit offentleg servicekontor eller andre offentlege kontor som er lagde til rette for publikum.

Regjeringa vil òg vurdere om ein skal etablere tilbod som gjer at innbyggjarane kan få personleg rettleiing på kveldstid for å kunne bruke dei elektroniske tenestene som er retta mot innbyggjarane.

Det er eit offentleg ansvar å bidra til at alle som ynskjer det, er i stand til å bruke dei digitale løysingane i offentleg sektor.

Medan IKT gjer livet lettare for dei fleste av oss, ekskluderer teknologien andre. Dette kan mellom anna gjelde personar som har fått funksjonsevna si redusert i yngre år, eller eldre menneske som har nedsett syn og hørsel. Tilrettelegging av IKT slik at den kan brukast av flest mogleg, vil ha mykje å seie for deltakinga i samfunnet. Regjeringa legg difor til grunn at all teknologisk utvikling innanfor media og IKT skal byggje på universell utforming.

Døme på tiltak under denne delstrategien:

Regjeringa har lagt fram eit forslag om at all ny informasjons- og kommunikasjonsteknologi retta mot innbyggjarane frå 1. januar 2011 skal vere universelt utforma.

Det skal utviklast indikatorar og standardar for universell utforming av informasjonsteknologien. Ved nyutvikling eller

omfattande vidareutvikling av offentlege nettstader blir offentlege verksemder oppfordra til å følgje den såkalla WAI-standard, ein standard for universell utforming av IKT.

ENKELT OG GREITT FOR INNBYGGJARANE

I dei fleste høva går kontakten mellom innbyggjarane og offentleg sektor føre seg med utgangspunkt i ganske enkle og standardiserte oppgåver, slik som søknader, refusjonar og skatteoppgjær. Nye elektroniske tenester og andre enkle løysingar inneber at alle partar kan bruke mindre tid og ressursar på slike rutinemessige og ukompliserte førespurnader.

All kommunikasjon til innbyggjarane skal formast slik at det er lett å forstå kva saka gjeld, kva vedtaket har å seie i praksis, grunngivinga for vedtaket, kvar ein kan finne meir informasjon, og kvar og korleis ein kan klage.


Når mykje av kontakten mellom innbyggjarane og det offentlege går føre seg elektronisk eller via andre standardiserte kommunikasjonsformer, blir det viktig å føre eit lettforståeleg språk. Vi veit at mykje av det som blir skriva i offentleg sektor, kan gjerast enklare og lettare tilgjengeleg. Funksjonshemmedes fellesorganisasjon peiker til dømes på at mange opplever språkbruken som byråkratisk og lite brukarvennleg. Dette gjer folk utrygge og framandgjorde i forholdet til det offentlege tenesteapparatet.

Døme på tiltak under denne delstrategien:

Offentlege publikasjonar og brev retta mot vanlege innbyggjarar skal vurderast med omsyn til kor leselege dei er. Dette kan til dømes innebere å teste publikasjonar med ein såkalla LIKS-tekst, ein metode som måler kor lett det er å lese ein tekst.

Språkspesialistar skal gjere eit arbeid for å forenkle statleg informasjon til innbyggjarane.

Elektronisk kommunikasjon skal vere den primære kanalen for dialogen mellom innbyggjarane og offentlege verksemder.



UNIVERSELL UTFORMING

Fleirtalet av innbyggjarane er positive til universell utforming.



Kjelde: Statens bygningstekniske etat

bruk av slik dialog mellom det offentlege og innbyggjarane. Sjukehusreforma og pensjonsreforma er døme på dette.

Samtidig skal det sjølv sagt vere god tenesteyting til dei som ikkje ynskjer eller kan nytte digitale løysingar, eller i dei høva der elektronisk kommunikasjon ikkje er eigna. Det er nettopp noko av poenget med å innføre elektroniske tenester. Dei gjer det mogleg å kanalisere ressursane inn mot behov som er meir krevjande – som føreset personleg oppfølging i ei eller anna form.

Døme på tiltak under denne delstrategien:

Alle relevante elektroniske tenester som har innbyggjarar som målgruppe, skal vere tilgjengelege frå innbyggjarportalen Minside så snart som råd og seinast innan utgangen av 2009. Nye elektroniske tenester skal gjerast tilgjengelege i Minside samtidig som dei blir tilgjengelege på verksemda sin eigen nettstad.

Alle skal som hovudprinsipp fritt kunne velje programvare, som mellom anna operativsystem, når han eller ho skal kommunisere med offentleg sektor. Dette føreset bruk av opne standardar. Regjeringa har difor etablert eit standardiseringsråd som skal foreslå kva standardar offentlege verksemder bør nytte, og eventuelt om nokre av desse skal vere obligatoriske.

Alle former for relevante tenester som har innbyggjarane som målgruppe, skal vere elektronisk tilgjengelege med utgangspunkt i behova og ynskja til innbyggjarane.

Det er stadig høgare forventningar til kva offentleg sektor skal levere av informasjon og sjølvbeteningsløysingar. Innovasjon og utvikling av tenester i privat sektor dannar i stor grad eit mønster for kva bedrifter og innbyggjarar ventar seg frå offentleg sektor. Når bankrekningar kan betalast på minuttet heimafrå, aukar òg forventningane til offentleg sektor.

Erfaringane frå statlege etatar og einsskilde kommunar viser òg at satsing på elektroniske sjølvbeteningsløysingar skaper meir fornøgde brukarar. Skatteetaten er eit døme på dette. I 2006 leverte over to millionar personlege skattyttarar sjølvmeldinga elektronisk. Samtidig er innbyggjarane vesentleg meir nøgde med etaten no enn for få år sidan.

Døme på tiltak under denne delstrategien:

Politidirektoratet har lagt til rette for at skjema for å politimelde enkle forhold kan lastast ned frå nettsidene til politiet. Skjemaet må framleis signerast og leverast eller sendast til politiet, men det blir òg arbeidd for å gjere det mogleg å kunne sende politimeldinga elektronisk.

Det skal etablerast eit elektronisk system for sakshandsaming for søknader om rettshjelp. Systemet vil innebere at søkjarar via sine advokatar kan teste eit krav om fri rettshjelp mot ulike offentlege register. Til dømes vil inntektsvilkår kunne prøvast mot registra til skattedirektoratet.

«Idrettsanlegg.no» – eit elektronisk søknadssystem for spelemidlar til idrettsanlegg, skal etter planen vere klart til bruk mot slutten av 2007. Systemet famnar om sakshandsaming på tvers av forvaltningsledda og vil mellom anna gi effektiviseringsgevinstar, forenkla og forbetra informasjonsdeling og betre brukarservice.

Det blir sett i gong eit pilotprosjekt ved den norske ambassaden i Edinburgh, der dei som søker om visum, kan registrere visumsøknaden sin over Internett.

Skatteyttarar som mottek ferdig utfylt sjølvmelding skal verta fritaken for leveringsplikta om dei ikkje har endringar eller tillegg til den førehandsutfylte sjølvmeldinga. Dei som ikkje leverar endringar eller tillegg innan fristen, skal reknast for å ha godkjent innhaldet i den ferdigutfylte sjølvmeldinga.

BETRE FOR DEI SOM TRENG DET MEST

Når forvaltninga bruker mindre tid og ressursar på rutinemessige førespurnader, blir det òg meir tid til dei som treng det mest. Eit hovudintrykk frå regjeringa si innbyggjarkonferanse i 2007 var at det framleis er behov for meir samordning av tenestene, og meir og betre samarbeid på tvers. Behova og interessene til innbyggjarane må avgjera korleis offentleg sektor er organisert.

Betre organisatorisk samordning skal sikre at dei som treng eit meir omfattande og samansett velferdstilbod, får ein enklare kvardag.

Fram til for berre få år sidan var bruken av IKT i offentleg sektor i hovudsak eit spørsmål om intern effektivisering i enkeltverksemder. Gradvis blei det òg satsa meir på IKT i samhandlinga mellom verksemdene, og i dag er denne samhandlinga svært omfattande og kompleks.

Tida er no komen for å ta neste steg – det vil seie at elektronisk kommunikasjon òg skal vere den primære kanalen for dialogen mellom innbyggjarane og offentlege verksemder. Dei store reformene vi no arbeider med, føreset òg auka

lokale arbeids- og velferdskontor sikrar ein no at brukarane får *ein* kontaktstad lokalt for alle tenestene til arbeids- og velferdsforvaltninga.

Regjeringa vurderer i tillegg ei rekkje andre av ordningane vi har i dag, for å sjå om dei tilfredsstillar behova til brukarane. Det er eit mål at kvar brukar skal oppleve offentleg sektor som koordinert og forståeleg. Dette er viktige omsyn for utforminga av mellom anna 'strategiplan for familiar med funksjonshemma barn' og programmet for kompetanseutvikling for kommunane når det gjeld tilbod til barn med nedsett funksjonsevne.

Ny teknologi gjer det òg mogleg å forenkle kvardagen for innbyggjarar som treng bistand frå det offentlege. Eit døme på dette er at vi no fjernar kravet om førehandsgodkjenning av pleie hos tannlegar når trygda yter stønad. Pasientane slepp dermed å betale full pris hos tannlegar for deretter å gå til eit NAV-kontor for å få stønad. Endringa gjer i staden at tannlegane kan etablere eit elektronisk direkteoppgjer med det offentlege.

Døme på tiltak under denne delstrategien:

▮ Det fremmast lovforslag om at brukarar av kommunale helse- og omsorgstenester skal omfattast av ordninga med pasientombod. Tiltaket vil gi betre rettstryggleik og likskap i tenestene.

▮ Det skal tilsetjast «retteiings- og oppfølgingslosar» i arbeids- og velferdsforvaltninga. Desse skal gjere ein innsats innanfor arbeid og psykisk helse. Menneske med psykiske lidingar treng ofte tett oppfølging over lang tid. Kontinuitet i forholdet til kontaktperson, rettleiar eller pleiar er grunnleggjande og vil få stor vekt både av arbeids- og velferdsforvaltninga og helsetenesta.

▮ Regjeringa har sendt på høyring eit forslag om å gjere rettar knytte til brukarstyrt personleg assistanse (BPA) sterkare. Forslaget inneber at alle som fyller dei vanlege vilkåra for å få praktisk hjelp og opplæring, og som treng omfattande tenester, får ein rett til å få heile eller delar av denne tenesta organisert som BPA.

▮ Regjeringa arbeider med ein ny handlingsplan for auka tilgjenge. Det blir lagt

Offentleg sektor må bli flinkare til å møte innbyggjarane på ein måte som blir opplevd som oversiktleg og meningsfull for dei det gjeld. Dei ulike ordningane som offentleg sektor tilbyr, skal i størst mogleg grad samordnast slik at innbyggjarane er sikra eit heilskapleg tilbod. Det kan vere funksjonshemma som treng kontakt med kommunar, helseføretak, Husbanken, NAV-kontoret og fleire. Det kan vere utsett ungdom som treng innsats frå skule, barnevern og sosialteneste.

Brukarorientering er òg eit viktig mål med NAV-reforma. Gjennom å opprette



opp til at sentrale innsatsområde i planen er bygningar, uteområde/planlegging, transport, IKT og arbeid. For å få fram konkrete indikatorar som kan måle graden av tilgjenge og seie noko om effekten av innsatsen over tid, har Regjeringa òg starta eit arbeid med å utvikle nasjonale indikatorar på tilgjenge.

Regjeringa vil setje ned eit offentleg utval som skal gjere ein heilskapleg gjennomgang av hjelpemiddelområdet. Utvalet skal gjere ein brei gjennomgang av forvaltning, organisering og finansiering på området. Gjennomgangen må mellom anna sjåast i ly av NAV-reforma og St.meld. nr. 9 (2006-2007) Arbeid, velferd og inkludering.

Fagleg samordning og god informasjonsflyt skal vere med på å skape eit kvalitativt betre tilbod til alle som ikkje alltid sjølve er i stand til å fastslå sitt eige behov.

Uansett kor godt det offentlege velferdstilbodet er, vil det alltid vere krevjande å ta vare på alle heile tida. Nokre er ikkje sjølve i stand til å seie kva dei treng, og dette er ofte ei utfordring for offentlege etatar. Med betre fagleg samordning og informasjonsflyt mellom ulike etatar kan vi likevel klare å gjere tilbodet betre.

Vi veit at tilbodet kan bli vesentleg betre for nokre grupper. Dette gjeld mellom anna barn med psykisk sjuke eller rusmisbrukande foreldre, eller barn og unge som er i ferd med å kome skeivt ut. Eit anna døme er innsette, som ofte har problem med overgangen til eit normalt liv etter at dei slepper ut av fengsel. Betre fagleg samordning av tilbodet kan vere nøkkelen til at fleire får god hjelp i rett tid.

Døme på tiltak under denne delstrategien:

Det skal etablerast eit tettare samarbeid mellom barnevernet og politiet, til dømes barnevernskonsulentar hos politiet. Politidirektoratet medverkar i oppfølginga av handlingsplanen for å betre samarbeidet mellom rettshandhevarar og lokalt hjelpeapparat.

Ei sentral oppgåve vil vere å følgje opp «Sammen mot barne- og ungdomskriminalitet» – handlingsplan retta mot kvar einskild unge lovbyrtar under 18 år – både over og under kriminell lågalder.


Det skal etablerast tettare samarbeid og samordnande tiltak mellom barnevernet og barne- og ungdomspsykiatrien, sosialtenesta og rusomsorga.

Regjeringa vurderer å innføre ei ordning der fornærma og etterlatne har rett til å ha ein kontaktperson i politiet, og ein rett til eit møte med aktor før hovudforhandlinga.

Regjeringa vurderer å etablere ein landsdekkjande støttetelefon for offer for kriminalitet.

Velferdsordningar skal i større grad sjåast i samanheng, slik at ulike tenester ikkje verkar mot kvarandre eller samla sett skaper utilsikta verknader, til dømes utstøying frå arbeidslivet.

I dag er mange av velferdstilboda utforma for å imøtekome konkrete behov hos den ein-skilde. Dette er anten ordningar som handlar om universelle rettar eller meir individuelt tilpassa ordningar. Ordningane blir tekne hand om av fleire ulike etatar – både kommunale og statlege. Ansvaret for heilskapen i tilbodet er derimot ikkje alltid like tydeleg.



SOSIALHJELP

Innbyggjarar som mottek sosialhjelp meir enn seks månader har auka monaleg sida 1999.

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Det er òg eit stort behov for meir kunnskap om komplekse samanhengar knytte til velferdsordningane. Svært mange av dei som treng meir omfattande eller langvarig hjelp frå det offentlege, har underliggjande problem som ikkje alltid lett kan handterast innanfor det velferdstilbodet vi har i dag. Det er slik trass i at det «eigentlege» problemet kan vere «greitt» nok. Undersøkingar viser til dømes at godt over 200 000 av dei 326 000 uføretrygda slit med å meistre krava til å kunne lese og rekne i samfunnet vårt i dag.

Døme på tiltak under denne delstrategien:

■ Nytt kvalifiseringsprogram og ny kvalifiseringsstønad. Regjeringa har lagt fram eit lovforslag som skal sikre programdeltakarane ei føreseieleg inntekt mot at dei følgjer eit individuelt tilpassa kvalifiseringsprogram. Dette vil gi kvar einskild større tryggleik og gjere det lettare å auke sine eigne kvalifikasjonar for å delta i arbeidslivet i framtida.

■ Det skal setjast i verk kurs for å kvalifisere førstelinjepersonell til arbeid i verksemder som yter tenester til personar med psykiske lidningar. Målet er å sikre at tilsette som hjelper personar med psykiske lidningar til å utnytte arbeidsevna si, og personell som har ansvar for å hjelpe tilsette til å ikkje falle ut av arbeidslivet, får eit felles kunnskapsgrunnlag på feltet arbeid og psykisk helse.

LEGGJE TIL RETTE FOR VERDISKAPING

Offentleg sektor er viktig for næringslivet. Ein god offentlig sektor skaper stabile og føreseielege rammevilkår og er ein konkurransefordel for næringslivet. Fornyng av offentlig sektor er difor òg ein viktig del av den politikken regjeringa fører for å leggje til rette for auka verdiskaping i næringslivet.

■ **Elektronisk kommunikasjon skal vere den primære kanalen for dialogen mellom næringslivet og offentlege verksemder.**

Altinn er det viktigaste verktøyet for å oppnå heilskapelege og fullstendige elektroniske tenester. Arbeidet er i ein tidleg fase, men vi ser store innsparingar for bedriftene. Næringslivet har redusert arbeidet sitt med statlege skjema dei siste åra med vel 12 pro-

sent. Det meste av dette er knytt til overgangen til elektronisk utfylling og innsending.

Neste steg vil vere å satse berre på elektroniske tenester. Danmark har som mål at all kommunikasjon mellom næringslivet og det offentlege berre skal vere elektronisk innan 2012. Det bør vi klare i Noreg òg.

Døme på tiltak under denne delstrategien:

■ Næringslivet skal i 2008 få ein inngangsportal (Altinn) til alle offentlege tenester. Ein skal på same staden finne og sende inn alle pålagde skjema, der det skal vere postboks og arkiv for all kommunikasjon med det offentlege.

■ Det skal leggjast til rette for elektronisk utsending av skriftleg dokumentasjon til næringsdrivande via postkassa som den næringsdrivande har i Altinn.

■ Det skal leggjast til rette for at alle næringsdrivande skal kunne sende elektronisk faktura til staten. Ei utgreiing om dette skal liggje føre innan desember 2007.

■ Det skal leggjast til rette for at staten og kommunane skal kunne sende elektroniske faktura til næringsdrivande, der type og omfang av innkrevjingsordninga krev det.

■ Ordninga med førehandsutfylt sjølvmelding vert utvida til òg å omfatte personlig næringsdrivande (enkelt-personføretak). Dei næringsdrivande vil då kunne nytte Internett, ved at næringsvedlegg til sjølvmeldinga kan leverast elektronisk. Tiltaket vil i tillegg betre innsyn i dei opplysningane på dei næringsdrivande. Det vil òg gjera det enklare for denne skatteytargruppa å levera korrekt sjølvmelding.

■ **Det skal bli enklare og mindre kostnadskrevjande for næringslivet å følgje offentlege regelverk.**

Både i Noreg og i andre land er det stor merksemd retta mot å forenkle regelverket og leggje det til rette for å auke konkurransevna til næringslivet.

Regjeringa har som mål å redusere monaleg dei kostnadene næringslivet har ved å følgje regelverket. Det skal vere lett og kostnadseffektivt å følgje dei nye reglane,

og vi skal gjennomføre effektive forenklingstiltak basert på dei kostnadene næringslivet har ved å følgje regelverket.

Regjeringa har mellom anna sett i gong eit større prosjekt for å kartleggje kostnadene som næringslivet har ved alle krav om informasjon frå det offentlege. Resultata frå denne kartlegginga kjem til å liggje føre hausten 2007 og skal utgjere grunnlaget for mykje av forenklingsarbeidet framover.

Døme på tiltak under denne delstrategien:

■ Våren 2008 utformar vi ein forenklingsplan der målsetjinga er å redusere kostnadene for næringslivet monaleg. Dei første resultata skal leggjast fram våren 2009.

■ Det er sett i gong arbeid med å samordne nettstader med offentlig næringsinformasjon.

■ Regjeringa foreslår å gjere det unødendig å søkje departementet om dispensasjon frå § 8–10 i aksjelova ved kjøp av eidegdomsselskap. Grunngevinga for dette er at kjøp av næringseidegdom stort sett skjer ved at ein kjøper aksjeselskap, som

ikkje har anna verksemd enn eigeidommen, ikkje har tilsette, berre har éin aksjeeigar og ikkje har vesentlege kreditorar utover långivar som finansierer kjøpet.

■ Det skal bli enklare å opptre ryddig og ansvarleg når arbeidskrafta kjem frå utlandet.

Dei siste åra har sysselsetjinga auka kraftig, og i fleire bransjar er det no problem med å rekruttere tilstrekkeleg arbeidskraft. Når vi veit at den demografiske utviklinga berre tilseier ein moderat vekst i arbeidsstyrken dei neste åra, er det viktig å stimulere tilbodet av arbeidskraft. Arbeidsinnvandring kan vere med på å auke arbeidsstyrken og dermed avhjelpe den moglege mangelen på arbeidskraft.

Målet er at det skal bli enklare å bruke utanlandsk arbeidskraft på ein ryddig måte. Både arbeidstakarar og arbeidsgivarar, òg norske, skal oppleve at saksang og reglar blir raskare og enklare.

Vi aksepterer likevel ikkje at behovet for utanlandsk arbeidskraft fører til sosial dumping. Regjeringa krev at alle oppdragsgivarar sikrar norske lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar som gjeld kjøp av tenester og byggje- og anleggsarbeid.

Døme på tiltak i denne delstrategien:

■ Vi skal utvikle betre og meir målretta informasjon til arbeidsgivarar som nyttar utanlandsk arbeidskraft (òg utanlandske verksemdar som opererer i Noreg).

■ I dag må arbeidstakarar frå dei nyaste EØS-landa ha opphaldsløyve før dei kan ta til med å arbeide. Vi foreslår å endre desse reglane, slik at ein kan ta til å arbeide allereie etter at ein har levert inn fullstendig søknad. Forslaget har, saman med forslaga under, vore på høyring og er no til vurdering i Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

■ Vi foreslår å innføre eit tidsavgrensa opphaldsløyve for faglærte ved opphald der føremålet er å kvalifisere seg for godkjenning som er nødvendig for å utøve yrket sitt.

■ Etter gjeldande reglar har ikkje politiet vedtaksmynde ved søknad om fornya arbeidsløyve dersom søknaden gjeld nytt

arbeid eller ny arbeidsstad. Vi foreslår at politiet får slik vedtaksmynde så lenge det rettslege grunnlaget for løyvet er det same, samtidig som vi opnar for at faglærte kan ta til å arbeide hos ny arbeidsgivar før søknaden er avgjort.

■ Som hovudregel må førstegongs arbeids- og opphaldsløyve vere gitt før innreise. Det er unntak frå hovudregelen, mellom anna kan faglærte med visumplikt søkje om arbeidsløyve frå Noreg, anten på eit ordinært visum (under dette òg Schengen-visum) som er gyldig i tre månader, eller eit arbeidssøkjjarvisum som er gyldig i tre månader eller kortare. Vi foreslår å endre desse reglane slik at det for begge typar visum kan søkjast frå landet når lengda for opphald er tre månader eller kortare.


KVALITET OG EFFEKTIVITET

Vi må få mest mogleg ut av dei ressursane vi har til rådvelde i offentleg sektor. Vi må bruke ressursane på dei riktige tinga og bruke den beste teknologien og dei beste arbeidsmetodane. Dei tenestene som offentleg sektor leverer til innbyggjarane, må vere prega av høg kvalitet og effektivitet. Vi må òg sikre at dei ordningane som offentleg sektor tilbyr, i størst mogleg grad er samordna slik at innbyggjarane er sikra eit heilskapleg tilbod.

■ Det skal leggjast større vekt på korleis innbyggjarane opplever det offentlege tilbodet – frå enkle førespurnader på telefon til meir langvarige og samansette tilbod.

Offentlege verksemdar organiserer ein svært stor del av det samla tenestetilbodet i landet. Ser vi bort frå Forsvaret, blir 39 prosent av alle tenester ytt av offentleg tilsette. Innbyggjarane står i sentrum for arbeidet regjeringa gjer for å betre tenestene.

Bedriftene i privat sektor får mykje kunnskap om sine leveransar ved at kundane tilpassar etterspørselen sin til kvalitet og pris. Offentleg sektor har eit enda sterkare behov enn privat sektor for å skaffe seg kunnskap om behova til innbyggjarane frå andre informasjonskjelder enn prisar og etterspørsel.



BRUKARUNDERSØKINGAR I SKULEN

Brukarundersøkingar i skulen kan ha fleire formål. Figuren syner kor stor del av elevane som meiner at dei ikkje har vore utsette for mobbing siste månad.

Kjelde: Oxford Research AS



Dette behovet kan vi dekkje ved å lytte meir når vi utformar tenestene. Regjeringa er difor oppteken av at ein må leggje stor vekt på ulike former for brukarmedverknad og brukarundersøkingar. Kunnskapen om dette må takast på alvor og føra til betre offentlege tenester.

Døme på tiltak under denne delstrategien:

Vi skal setje i verk ei omfattande, systematisk og regelmessig nasjonal innbyggjarundersøking for å måle kor nøgde folk er med det offentlege tenestetilbodet.

Alle statlege etatar skal regelmessig gjennomføre brukarundersøkingar og måle kor nøgde brukarane er. Det skal vere openheit om både undersøkingane og resultatane av dei. Dei publikumsretta tenestene bygd på informasjonsteknologi skal gå inn som ein del av brukarundersøkingane.

Vi skal dokumentere kva tenester som blir ytte til innbyggjarane, slik at det blir lettare å vurdere om desse står i forhold til dei ressursane vi bruker for å yte desse tenestene.

Vi har ikkje nok kunnskap om samanhengen mellom innsats og resultat i offentlig sektor. Der kunnskapen finst, er han ofte vanskeleg tilgjengeleg. Vi arbeider difor for at fakta om ressursbruk, kvalitet og resultat – anten det gjeld staten samla, ulike sektorar eller einskilde verksemdar – skal bli lettare tilgjengelege.

I kommunesektoren er det allereie etablert eit rapporteringssystem med utgangspunkt i kvalitetsindikatorar (i KOSTRA), som gjer det mogleg å samanlikne tenestetilbodet på einskilde område i kommunar og fylkeskommunar i rapporteringssystemet.

Dokumentasjon av resultat er òg viktig for å sikre at tilbakemeldingane frå innbyggjarane blir tekne på alvor. ECON har kartlagt brukarrettinga i staten, og denne viser at skal ein sikre at endringar skjer, er det heilt avgjerande at ein er open og offentleggjer i kva grad måla er nådde, og erfaringane til dei som bruker tenestene.


Døme på tiltak under denne delstrategien:

Data om ressursbruk og resultat i staten skal gjerast synlege i eit eige dokumentasjonssystem, StatRes, som blir drive av Statistisk sentralbyrå. StatRes skal bidra til større openheit om statleg tenesteyting, gi betre grunnlag for analysar og fokusere meir på resultat. StatRes blir lansert hausten 2007.

Statistikk og utviklingstrekk som gjeld korleis det offentlege er organisert og løyser oppgåvene sine, skal dokumenterast og formidlast på ein lettfatteleg og oversiktleg måte gjennom ein eigen publikasjon – Forvaltningsutsyn.

Det skal utviklast nye kvalitetsindikatorar for å kaste lys over kvaliteten på tenestetilbodet for pleie- og omsorgstenester som norske kommunar yter. Desse vil mellom anna vere baserte på informasjon som er registrert i IPLOS – eit sentralt helseregister som skal danne grunnlaget for nasjonal statistikk for pleie- og omsorgssektoren.

Det er sett i gong eit prosjekt som tek sikte på å utvikle modellar/verktøy for å rekne ut kostnader og gevinstar ved statlege omstillingar. Føremålet er å lage eit verktøy som mellom anna skal kunne nyttast som støtte for avgjersler og budsjettering ved statlege omstillingar.



IKT
Nesten alle statlege verksemdar (98%) meiner gevinstane ved bruk av IKT er auka kvalitet på tenestene. Reduserte kostnader ved innkjøp kjem også høgt opp (87%).

- Auka kvalitet på foretakets tenester
- Reduserte kostnader til innkjøp
- Redusert bemanning

Kjelde: Statistisk sentralbyrå

Ein gjennomgang som regjeringa har gjort, viser at mange gebyr er høgare enn kostnadene dei skal dekkje. Dette er ei form for snikskattlegging som regjeringa ikkje ynskjer. Innbyggjarane skal vite at gebyra dei betaler, går til å dekkje dei faktiske kostnadene for dei aktuelle tenestene.

■ Vi skal ta i bruk elektroniske løysingar i sakshandsaming og samhandling i offentleg sektor der dette er føremåls-tenleg, både for å frigjere ressursar og for å auke kvaliteten på tilbodet.

Digitale løysingar er ikkje berre nye måtar å kommunisere med innbyggjarane på. Dei opnar òg for å redusere kraftig kostnader i dei delane av offentleg sektor som betener mange innbyggjarar med relativt enkle tenester. Digitale løysingar gjer det òg mogleg å betre informasjonsflyten monaleg, skape nye typar samarbeid i forvaltninga og mellom forvaltninga og ulike typar brukarar og samarbeidspartnarar. Dersom vi til dømes kan hindre at tilsette i offentleg sektor bruker tid på å skrive inn dei same opplysningane – anten det dreier seg om enkle rutinesaker eller kompliserte pasientopplysningar, då har vi frigjort ressursar som kan brukast på viktigare ting. Gode tryggingsløysingar, standardisering og bruk av teknologi som aukar personvernet, er viktige verkemiddel for å betre samhandlinga i offentleg sektor.

Døme på tiltak under denne delstrategien:

■ Ansvar for helserefusjon blir overført frå arbeids- og velferdsforvaltninga (NAV) til sosial- og helseforvaltninga innan 2010. Tenestene skal i tillegg gå gjennom ei omfattande digitalisering og forenkling. Mellom anna er det sett i gong prosjekt knytt til fullstendig automatisering av ordninga med frikort.

■ Det blir innført nytt elektronisk system for sakshandsaming i utlendingsforvaltninga. Systemet vil gi store effektiviseringsgevinstar for heile utlendingsforvaltninga, under denne òg politi og utlendingsnemnd, og mykje raskare handsaming av søknader.

■ Regjeringa arbeider for å utvide Norsk Helsenett slik at pasientane raskare får riktig legehjelp og oppfølging og ein

meir heilskapleg pasientperiode. Helsenettet er eit landsdekkjande kommunikasjonsnett som forenkler utvekslinga av informasjon mellom fastlegar, spesialistar og sjukehus.

■ Det skal innførast eit system med elektroniske reseptar. I dag blir dei same opplysningane lagde inn i datasystema fleire gonger i mange delar av helsevesenet. E-resept vil gi gevinst ved rask og enkel formidling av informasjon mellom primær- og spesialisthelsetenesta, apoteka og Legemiddelverket. Det er ei målsetjing at 80 prosent av reseptane skal vere elektroniske i 2011.

■ Elektroniske løysingar skal gjere det enklare og meir effektivt for det offentlege å gjere innkjøp og gjennomføre anbodskonkurransar. Internettbaserte dataprogram skal støtte opp under heile innkjøpsprosessen i kommunar, fylkeskommunar og statlege verksemder. Desse programma er tilgjengelege for innkjøparar i svært mange offentlege verksemder frå 1. desember 2007.

■ Regjeringa går inn for at allmennlegar og spesialistar innan 1. januar 2009 skal påleggjast å bruke elektronisk kommunikasjon ved legerekningar, sjukmeldingar og legeerklæringar til Arbeids- og velferds-etaten. Dette gir raskare sakshandsaming og betre bruk av ressursar. Det er eit mål at elektronisk kommunikasjon òg skal innførast for dei andre yrkesgruppene som yter helsetenester med refusjon frå folketrygda.

■ Som følge av pensjonsreforma skal det etablerast ei ny plattform for forvaltning av pensjonar i Arbeids- og velferdsetaten. Det skal mellom anna utviklast nye internettbaserte sjølvbetjeningsløysingar der brukarane vil få informasjon om opparbeidde rettar og forventna pensjon. Det blir lagt stor vekt på datautveksling med samarbeidspartnarane til etaten, som til dømes Statens pensjonskasse.

